



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Asbjørn Brandtun
Austrheimvegen 1417
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/982 - 14/10264

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
22.09.2014

Landbruksfagrådet i Austrheim - 2014 - 2015 - Innspel til samfunnsdelen i kommuneplanen 2014 - 2024

Landbruksfagrådet hadde møte 03.09.2014. På møtet vart ein einige om å sende inn følgande innspel til Austrheim kommune som har ute til høyring samfunnsdelen til kommuneplanen 2014 – 2024. Høyringsfrist 12.september 2014.

Side 4 «Ope landskap, opne sinn»: stimulere til og legge til rette for fleire beitande dyr i tråd med ope landskap, opne sinn.

Side 9: tilretteleggje for bustadbygging, også klyngetun i grendene.

Side 10, «kultur»: ta med at Austrheim kommune bidreg i samspel med stort frivillig arbeid for å skipe Landbruksdagen i Austrheim.

Side 10: Fremje kystkulturen og leggje til rette for bruk, vern og vedlikehald av kulturlandskapet og kulturminne, som td Hoplandskvernene, torvhus, steingardar og prestebryggje.

Side 11: Implementere landbruksplanen i kommuneplanen.

Die 12: leggje vekt på jordvern under utbyggingsaker.

Side 14: Austrheim kommune ynskjer motivere ungdom til å satse på landbruksnæringa og stimulere til og legge til rette for fleire beitedyr – noko som vil være i tråd med Austrheim sitt slagord: opne landskap, opne sinn. Austrheim kommune ynskjer sterkt vern av samanhengande slåtteareal, der ein søkjer unngå ytterlegare oppstykking og fragmentering av samanhengande landbruksområder. Og på den måten legge til rette for dei som skal ha yrket sitt i landbruksnæringa.

Side 14: arbeide for at det blir etablert permanent friluftslinje ved Austrheim vidaregåande skule.

Side 14: Leggje til rette for og samarbeide med Inn på tunet- verksemdar.

Side 15: Fremje utvikling av Inn på tunet-verksemder.

Side 16: Vedlikehald og tilretteleggje for turstiar i heile kommunen.

Side 17: Leggej til rette for og samarbeide med Inn på tunet-verksemder.

Side 18: Austrheim kommune ser samanhengen mellom beitebruk, gjengroing og branførebygging. Beiting er del av branførebyggingstiltak.

Side 19: På organisasjonskartet ber vi om at «landbruk» blir teke med.

Side 21: Viktig å tenke framtidig nytteverdi for lokalsamfunn og yrkesutøvarar i landbruket når det gjeld infrastruktur i samband med anna verksemd knytta til areal (Johan Sverdrup-leidningen) (jorddeponi).

Side 22: Austrheim skal være ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon som hav og kystkommune med eit attraktivt kulturlandskap.

Side 23: Ivaretake samanhengande landbruksområde, ,søkje å unngå oppstyking av god jordbruksjord.

Side 23: Fortetting i allereie eksisterande bebygde område – som td Fønnesområdet.

Side 23: Implementere landbruksplanen i kommuneplanen.

Med helsing

Toril Marie Mullen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asbjørn Brandtun

Austrheimvegen 5943
1417

AUSTRHEIM

Austrheim kommune